


2003 03044 14

ASR/JOR/1AA 482

# MØTEBOK



Fylkeslandbruksstyret i Rogaland.

Møtedato: 05/02/2004

Saklistenr: 17

Saknummer: 119904 10003 DIV

Saksnr. arkiv: 2003/002166

## Saksutgreiing:

**ROGALAND FYLKESLANDBRUKSSTYRE I MØTE DEN 5. FEBRUAR 2004:**

## Forslag til ny lov om skogbruk – Høyring

Fylkesmannen har i brev av 04.12.2003 fått til uttale forslag til ny skogbrukslov. Vi viser til tidlegare utsendt høyringsnotat: "*Høyring – Forslag til ny Lov om skogbruk – Notat fra Landbruksdepartementet, 04.12.03*". Lovforslaget er sendt på høyring til både fylkeslandbruksstyret og Fylkesmannen. Det er naturleg i uttalen frå fylkeslandbruksstyret å leggja mest vekt på dei overordna prinsippa.

### Historikk

Lov om skogvesenet av 1863 var første lova i Noreg som hadde reglar for skjøtsel og utnytting av skogressursane. Det har seinare komme ei rekkje revisjonar og nye lover, i 1893, 1908 og 1932. Dagens lov er frå 1965 med ein del viktige endringar i 1976, mellom anna fekk lova då styrka miljøprofilen.

Landbruksdepartementet peikar på fire viktige forhold som no gjer det nødvendig med ei ny lov om skogbruk:

- Internasjonale forhold
- Landbruket endrar struktur og får nye utfordringar
- Endra rammevilkår for skogbruket og omlegging av skogpolitikken
- Krav om betre miljøomsyn


Vi viser elles til notatet frå Landbruksdepartementet om den nærare grunngjevinga.

### Generelt om lovforslaget

Lovforslaget er ei typisk rammelov (frå 58 paragrafar i gamal lov til 21 paragrafar i ny lov), der ein legg opp til at departementet kan fastsetja eigne forskrifter på fleire område. For kommunen med førstelineansvaret for oppfølging av lova, vil mykje avhenge av at ein får presise og gode forskrifter for å handheva regelverket i praksis. Dette gjeld mellom anna foryngingsplikta som har vore alt for ulen i eksisterande lov.

Fylkesmannen ser det som positivt at den nye lova framleis skal vere ei næringslov og at prinsippet "fridom under ansvar" blir vidareført, samstundes som miljøaspekta synest å vera godt ivaretekne.

## INNSTILLING FRÅ FYLKESMANNENS LANDBRUKSAVDELING



### Om enkelte paragrafar

#### § 1 Formålsparagrafen

I ei rammelov av denne type er formålsparagrafen viktig. Forslaget synest å vera ei innsnevring i høve gjeldande lov, og også i høve til jordlova som det er naturleg å samanlikna med. Når også Stortinget så tydeleg har sagt at skogbrukslova framleis skal vera ei næringslov, bør dette komma klart fram i formålsparagrafen.

#### § 2 Virkeområde for lova

Ingen vesentlege merknader.

#### § 3 Skogbruksstyresmakt

Ingen vesentlege merknader til innhaldet. Gjeldande lov brukar skogoppsynet om skogstyresmaktene. Sidan vi no har fått eit Statens naturoppsyn (SNO), meiner vi det er gode grunnar for å halda fram med ei godt innarbeida nemning som skogoppsynet.

#### § 4 Skogeigar sitt forvaltaransvar

Det er bra at forvaltaransvaret kjem tydeleg fram, men slik denne paragrafen er formulert er det omsynet til miljøet som veg tyngst. Skjøtsel, stell av skog og å syta for tilfredstillande produksjon på skogareala synest å vera underordna. Når dette i utgangspunktet skal vere ei næringslov, bør det vere betre balanse mellom miljø- og næringsinteresser.

#### § 5 Skogregistrering og skogbruksplan

Formålet med paragrafen kjem i dette tilfellet ikkje godt nok fram. Landbruksdepartementet har ved mange høve gitt uttrykk for at skogbruksplanar er svært nyttige i gjennomføring av skogpolitikken. Fylkesmannen hadde sett det naturleg at dette kom og fram i lovteksten.

Vi er samde i at det ikkje bør vera eit generelt krav om at skogeigar har skogbruksplan, men sett i lys av dei krav til planar som stillast i jordbruket, bør det oftare enn etter dagens kunna stilla krav om skogbruksplan.

Det er også i denne paragrafen opna for at departementet kan gi forskrifter. Fylkesmannen vil minna om at slike forskrifter må utformast med tanke på dei store forskjellane i skog og eigedomstilhøve rundt i landet.

#### § 6 Forynging og stell av skog

Det er lagt opp til ei innskjerping av foryngingsplikta med blant anna fristar for gjennomføring av tiltak, og at det skal vere samsvar mellom hogstform og metode for forynging. Dette er bra! Kva som ligg i omgrepet tilfredstillande forynging vil bli utdjupa i ei eiga forskrift. Her vil det vere heilt avgjerande med konkrete og presise formuleringar for at

foryngingsplikta skal kunne handhevast i praksis. Eksisterande lov er uklår på dette punktet, og i praksis har dette difor vore ein nærast "død paragraf".

I forskrifta er det lagt opp til eit minstekrav til tettleik på nyetablering av skog. Minstekrava som er skissert i forskriftsutkastet, ligg langt under tilrådingane for optimal tettleik frå norsk skogforskning. Fylkesmannen meiner lova må ha ambisjonar og krav som gjer at kvaliteten og produksjonen i framtidsskogen ikkje blir vesentleg svekka.

### **§ 7 Vegbygging i skog**

Ingen vesentlege merknader

### **§ 8 Hogst og måling**

Fylkesmannen er samd i at kommunen må kunna påleggja skogeigar å retta opp skadar og å nekte hogst. Men det er her viktig at kommunen har ordningar som gjer det mogleg for skogeigar på førehand å vita kor grensene går.

### **§ 9 Førebyggjande tiltak**

Det er lagt opp til at kommunen kan fastsetja ei tolegrense for beitetrykk/skader på skog under forynging. Dette bør ikkje gjelde berre forynging, men også generelt skade på skog. Vi opplever i praksis at det kan vere motsetningar mellom skog- og viltinteresser. Ei føresegn om dette er bra for å sikre at forvaltninga av både vilt og skog skjer på grunnlag av avvegingar ut frå interesser knytt til både vilt og skogproduksjon. Denne fråsegna vil berre kome til bruk i dei tilfella der ein ikkje blir samde om avvegingar mellom storleik på stammane av vilt og skadeomfang på skog. Skade på skog skal normalt bli ivareteke gjennom "Lov om viltet", der ein kan gå inn og gi fellingsløyve av hjortevilt som gjer vesentleg skade på skog.

### **§§ 10 – 12**


Ingen vesentlege merknader

### **§ 13 Skogområde med viktige miljøverdiar**

Fylkesmannen er samd i at lova bør ha ein slik paragraf. Men samstundes er det viktig at dette ikkje blir praktisert som ein ny verneparagraf. For store skogområde eller for sterke restriksjonar bør ein nytta anna lovverk, t.d. naturvernlova.

### **§ 14 Innbetaling til skogfond**

Fondsavsetjinga bør normalt vere vesentleg høgare enn 2 % av bruttoverdien på virket for å medverke til å sikre forynging av ny skog etter hogst. Skogfondet er ei viktig finansieringskjelde for etablering og stell av ny skog. For å sikra forynging bør det vurderast om kommunen skal ha høve til i spesielle tilfelle å krevja ein høgare minstesats.



## §§ 15 – 20

Ingen vesentlege merknader

## § 21 Straff og tvangsgebyr

Tvangsgebyr kan i mange tilfelle vera meir effektivt enn bøter og fengsel. Samanlikna med eksisterande lov, er dette ei klar forbetring for å lettare kunne gå til sanksjonar.

## Omdisponering av skog

Føresegnene om omdisponering (omlegging) av skogsmark er trekt ut av lova og blir føreslått lagt under § 9 i jordlova. Det er skissert eit forslag til ny § 9 i jordlova som lyder slik:

*”Dyrka jord må ikkje brukast til formål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.*

*Skog kan ikkje takast i bruk til andre formål enn skogproduksjon.*

*Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruks- eller skogbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulempe for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunngagnet ei omdisponering vil gi. For jordbruksareal skal det òg takast omsyn til om arealet kan først attende til jordbruksproduksjon. For skog skal det òg takast omsyn til skogmarka si produksjonsevne, alderen på skogen og om det er vernskog etter lov om skogbruk. Det kan krevjast lagt fram alternative løysningar.*

*Samtykke til omdisponering kan bli gitt på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei formåla lova skal fremje.*

*Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda eller skogen til det aktuelle formålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort.*

*Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort.”*


Fylkesmannen er samd i forslaget om å overføra heimelen for omdisponering av skog til jordlova, og vi meiner ordlyden i forslaget er dekkande for behovet.


Elles vil vi gjera merksam på at det i Rogaland ikkje er slik departementet skriv, at dei fleste omdisponeringssaker frå skog til andre formål også gjeld frådelling. Hovudtyngda i Rogaland vil vere skogareal som omdisponerast til jordbruksareal.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**


1. Fylkeslandbruksstyret seier seg stort sett samd i innstillinga frå Fylkesmannen og støttar framlegget om at ny skogbrukslov bør vera ei næringslov der prinsippet om fridom under ansvar skal gjelda.
2. Fylkeslandbruksstyret meiner næringsaspektet må komma klarare fram i formålsparagrafen, utan at ansvaret for miljøet og friluftslivet blir svekka.
3. Fylkeslandbruksstyret vil påpeika at presise forskrifter vil vere avgjerande for den praktiske forvaltninga ute i kommunane. Vi vil spesielt nemna foryngingsplikta og definisjon av tilfredstillande forynging. Ambisjonsnivået her bør leggast slik at det sikrar ein god kvalitet og produksjon på framtidsskogen.

Stavanger, den 29.01.2004

  
Jon Ola Syrstad  
landbruksdirektør

  
Lars Slåttå  
fylkesskogsjef

Saksbehandlar: Stein Bomo



**AVRØYSTING I FYLKESLANDBRUKSSTYRET:**

**INNSTILLINGA FRÅ LANDBRUKSAVDELINGA BLEI SAMRØYSTES VEDTATT  
(7-0)**

*Adlang Otvedal*

---

**Kopi sendt til:**

Landbruksdepartementet  
( e-post : postmottak@ld.dep.no )

Miljøvernavdelinga, her

Skogeigarlaget Vest

Stavanger, den 13/2 2004

---

**Sign. Kommune:**.....

**Sign. Fylke:**.....